



Medlemmer av SU/SMU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2783 - 16/22091

Saksbehandlar:

Magne Lædre

magne.laendre@meland.kommune.no

21.11.2016

Referat SU/SMU-møte tysdag 15.11.2016

Møte i skulemiljøutvalet 15.11.2016 kl. 18.00-19.00 på personalrommet.

Referat

10/16 Val av Leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Silje Garlid, Nestleiar: Marcus Jørgensen Skjelvik, Sekretær: Magne Lædre

11/16 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjent

12/16 Kva er skulemiljøutvalet sitt mandat?

Rektor delte ut informasjonsbrosjyre til nye medlemmar og gjekk raskt gjennom kva oppgåver utvalet har.

13/16 Informasjon om inneklimasak i klasserom

Rektor informerte om klagesak på inneklimate i eit klasserom på skulen og kva for tiltak som er sett inn i høve til dette.

14/16 Informasjon om skulen sitt arbeid med enkeltvedtak etter §9a.

Rektor informerte om skulen sitt arbeid med enkeltvedtak etter §9a. Skulen har fatta 3 enkeltvedtak så langt i år der ein konkluderer med at retten til eit godt psykososialt miljø er broten. Ein av desse sakene er nye i år, dei to andre sakene er jobba med over tid. I tillegg jobbar skulen med 3 nye saker det skal fattast vedtak i.

14/16 Eventuelt. Meldast inn til Magne seinast fredag 11. november

Det er meldt to saker som kjem inn under SMU sitt arbeid:

- Toaletta på småplassen, spesielt guttedoen stinkar. Skal den utbetrast?

Rektor melder inn vedlikehaldsbehov til teknisk og melder samtidig om behov for hyppigare reinhald. Elevrådet tar opp problematikken.

- Stygg språkbruk hos elevar. Elevrådet diskuterer korleis dei kan jobbe med dette.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Møte i Samarbeidsutvalet 15.11.2016 kl. 19.00- 20.00 personalrommet.

Referat

12/16 Val av Leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Silje Garlid, nestleiar: Mats Hellen Kårbø, sekretær: Magne Lædre

13/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent med ein merknad. Forslag frå Utdanningsforbundet på skulen om å flytte leirskulen til 7. trinn. Saka tas opp på neste møte.

14/16 Kva er mandatet til SU?

Rektor delte ut informasjonsbrosjyre til nye medlemmar og gjekk raskt gjennom kva oppgåver utvalet har.

15/16 Orientering frå rektor

- ◆ Utbygging – rektor informerte om framdrifta. Ein er i tråd med planen om tett bygg til nyttår. Parallelt med jobbaste det med utviding av skuleplassen. Planen er at det skal være klart samtidig som utbygginga er heilt ferdig til jul 2017. Bassenget rivast ikkje i denne omgang men vurderast på nytt i samband med arbeidet med uteområdet på skulen.

16/16 Møteplan

Neste møte vert 24. januar 2017. Elles blir det møte siste halvdel av mars og mai.

17/16 Kva for saker skal SU jobbe med skuleåret 2016/2017?

SU prioriterer skuleplass og utbygging dette skuleåret.

18/16 Ønske om uteskule – sak meldt frå FAU.

Saka har vært drøfta i SU tidlegare og ein er einig om å la saka ligge til utbygginga er ferdig. FAU har eit ønskje om at skulen får opp igjen lavvoen sin. Dei er i kontakt med ein grunneigar om dette. Skulen ventar på tilbakemelding og set opp igjen lavvoen så fort vi kan.

19/16 Regelverk rundt sykling til skulen – sak meldt frå Elevrådet

Elevrådet er uroa over stygg sykling på gangvegen og ønskjer at vi går tilbake til gamal ordning der elevane sykklar til skulen etter sykkelopplæring på slutten av 4. trinn. Skulen kan ikkje lage regler for dette. Skulen informerer på heimesida om desse utfordringane og trafikkgruppa i FAU jobbar med deling av gangveg i «gådel» og «sykkeldel»

20/16 Eventuelt. Saker meldast inn til Magne seinast fredag 11. november.

Føresatt ønskjer grunngjeving for skulen si bruk av 60 og 90 minutt timar.

- Det ligg ei pedagogisk vurdering bak dette. Vi ønskjer høgare læringstrykk og mindre avbrot med oppstart og avslutningar av timar. Ved å ha lengre arbeidsøktar gjev dette lærarane større rom for byte av læringsaktivitetar i timen slik at elevane likevel får dei brota dei treng når ein byter aktivitet. Dette gjev oss og gode rom for ein strukturert oppstart av timen og ei strukturert avslutning av timen der vi og har til til oppsummering.
- SFO – mellom anna bruk av overskot av matpenger. Dette vert tatt opp igjen på neste møte.

Med helsing

Magne Lædre
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Utval for levekår

Mottakere:
Medlemmer av SU/SMU